

Osterøy kommune
Geitaryggen 8
5282 Lonevåg



24.04.2023

Søknad om dispensasjon på gnr./bnr. 91/18 og 91/2 – Osterøy kommune, Øvsthus

Det vert med dette søkt om dispensasjon frå Kommuneplanen sin arealdel om grensejustering i eit område sett av til LNF.

Bakgrunn for søknad

Tiltaket gjeld grensejustering, der ein ynskjer å utvida tomta med gnr./bnr. 91/18, for å gje plass til ein carport. Tomta sitt areal er på 824m² og utvidinga er på 23m².

Eigedommen er bygd ut med ein einebustad. Nabotomta, som gjev frå seg areal, er ein jordbrukseigedom. Det aktuelle arealet ligg i markslagklasse «bebygd, samfunn, vann, bre», og grensejusteringa påverkar dermed ikkje dyrka mark eller skog.

Tomta er allereie bygd ut med ein bustad, og å byggja ein carport er ei naturleg vidare opparbeiding av tomta. Carporten vert plassert ved eksisterande veg på tomta, slik at det vert minst mogeleg endringar og terrenginngrep på eigedommane. Justeringa er òg vesentleg mindre enn 5% av tomtearealet.

Me vurderer det slik at fordelane ved å gje ein dispensasjon er klart større enn ulempene samstundes som intensjonane i kommuneplanen ikkje vert sett til side.

Med venleg helsing
Blink Hus Helge Rød AS


Synnøve Tveiterås

Helge Rød as
5281 Valestrandsfossen
Tlf.: 56 19 37 00
Fax: 56 19 37 01
E-post: firmapost@helgerod.no
www.helgerod.no
Bankgiro: 6537.05.00260
Org.nr.: NO 885 574 602 MVA